

Norsk eller utanlandsk kapital – sett frå mineralnæringa

I Klassekampen 23.05.2025 har "Aksjon for Borgerlig Valgseier" ei to siders annonse for å vise korleis skattesystemet favoriserer utanlandskeigde bedrifter i Noreg framfor norskeigde. Erna og Sylvi sluttar seg til gråtekoret for dei stakkars milliardæra som må flykte til Sveits fordi det er alt for dyrt å vere milliardær i Noreg. All røynsle med desse superrike er at grådigheita deira ingen ende har, og når dei tener meir enn dei kan bruke ved eige overstadige luksusforbruk, brukar dei det overskytande til å kjøpe seg velvilje ved bl.a. å støtte nettopp slike aksjonar.

Likevel vonar eg at Klassekampen sine journalistar, som forhåpentlig kan meir skattepolitikk og økonomi enn meg, vil grave i dette og skilje skit frå kanel. Eg trur faktisk desse elles uspiselige borgarlege partia her er inne på noko, sjølv om vi ikkje vil dele syn på kva som må gjørast med det.

Eg har sett spesielt på ei næring, der utanlandsk kapital dominerer meir og meir, nemlig mineralnæringa. Om vi startar i nord, er dei viktigaste aktørane i seinare tid:

- Sydvaranger: Tidligare statseigd, så kjøpt opp etter tur frå Australia, USA og Sverige
- Austertana: Starta av statselskap, overtatt av private Elkem som er oppkjøpt frå Kina
- Nussir, Repparfjorden: Norsk selskap overtatt av kanadisk i 2024.
- Bidjovagge, Guovdageaidnu: Starta som norsk, overtatt av finsk og no svensk/australsk selskap.
- Nefelin, Stjernøya: Starta som norsk, no belgisk selskap.
- Leiting i indre Finnmark: No dominert av australsk selskap, noko irsk, svensk og minimalt norsk
- Skaland grafitt: Norsk selskap solgt til australsk.
- Leiting i Nord-Troms: Stadig skiftande, vesentlig utanlandske selskap.

Konklusjon: I dei to nordligaste fylka er nesten alle viktige mineralaktivitetar gått over frå norske til utanlandske hender. Lenger sør er ikkje bildet like eintydig, men også der er det svært stort innslag av utanlandsk kapital. Det gjeld både utvinning og vidareforedling av mineral.

Korleis kan ein forklare denne utviklinga? Er ho eit resultat av bevisste norske politiske vedtak, som opphevinga av konsesjonslovane, tilslutning til EØS, endringar i minerallova?

I den "raudgrøne" regjeringa sin mineralstrategi av 2013 var hovudparola: "Norge skal være et attraktivt land å investere i mineralutvinning". Den nemnde utviklinga tyder på at det har det vore – for utanlandsk kapital, ikkje for norsk. Samtidig investerer både norsk privat kapital, halvstatlig kommersiell kapital og særlig oljefondet stort i mineralutvinning i andre land.

Mineralnæringa er eit eksempel, men same tendens finn vi i andre næringar, ikkje minst innafor vindkraftnæringa, som er eit reint spekulasjonsobjekt.

Det lyder ganske hult når politiske leiarar som tidligare har gått inn for å gi bort den økonomiske og politiske uavhengigheita vår til EU og den militære til NATO, no framstår som forsvararar av nasjonal kapital og nasjonale interesser. Det er vel heller pengebingane til milliardæra dei har omtanke for. Som Røkke som dei seier har "ansvar for 28000 ansatte". Jo, vi har sett hans ansvar for arbeidsplassane når han har kjøpt opp og lagt ned tusenvis av arbeidsplassar etter kysten av Nord-Noreg, deriblant min tidligare arbeidsplass. Deira ideal er mannen som går foran med å tene seg søkkrik på fiskerettar rana frå kystfolket, og brukt desse til å konkurrere om kven som har det mest sløsende luksusforbruket i landet.

Men la oss likevel ta dei på ordet, og ei lita stund tru på at dei ønsker at norske bedrifter skal dominere norsk næringsliv. Tiltaka som da trengst er ikkje først og fremst skattelette for norske investorar, men Noreg ut av EØS og Acer, samt gjeninnføring av konsesjonslovane. Det vil verken H, FrP eller Ap høre på. Men det er vel verdt å ta ein debatt om det virkelig er slik at dagens skattesystem bidrar til at norske naturressursar blir overlatt til utanlandske selskap, mens norsk kapital ranar ressursar i andre land.

Når det er sagt, ser eg gjerne fram til konkrete forslag som kan sikre at norske investeringar blir gjort i Noreg – om det da er det ein vil.